



Glade konsertgjester prisar at regnet er over og sola har kome att

Andre dagen av Festidalen gjekk ikkje så prikkfritt som den første, då det meldte seg eit regnvær utpå ettermiddagen, Under konsertinnslaget til Silja Sol vart regnet og vinden så heftig inn mot scenen at instrumenta kunne verte skada og artistane måtte difor seie stopp. .Likevel var det 2000 innom denne kvelden.



Dry the river trekte publikum tett inntil scenen. Britane imponerte og publikum hysja på kvarandre for å få med seg den flotte konserten. Den britiske gruppa Dry the river som skulle ha spela etterpå, var svært sporty og stilte opp til ein heilakustisk konsert. Konsertarenaen vart då snudd, og britane viste at dei var svært dyktige. Dei imponerte m.a. med svært fin fleirstemt sang. Publikum sette stor pris på den improviserte konserten. Men snart kom sola att og konserten kunne halda fram. Då hadde han stansa i halvannen time.



Silja Sol ble tatt av uværet

Etter hektisk jobbing med opptørking av scene og med å få utstyret på plass att, kunne Team me gå på scenen litt seinare enn planlagt, og resten av konserten gjekk etter skjema. Både banda og publikum leverte til dei grader! Alle såg ut til å storkosa seg.



Team me i fullt kjøring igjen etter pausen

Under regnet i pausen trekte mange vekk frå Dønhaug-jordet, men ein god del venta også tolmogig på arenaen i håp om at konsertkvelden skulle fortsetja. Heldigvis fekk dei dette oppfylt. Då regnet slutta, og sola glytta fram,

strøymde folket igjen tilbake til Dønhaug, og på kort tid var det tettpakka med publikummarar. Kvelden fekk ei kanon avslutning! Etter at siste band SKAMBANKT verkeleg hadde gjeve publikum det dei var komne for, fekk vi oppleve eit fantastisk fyrverkeri som det aldri har vore maken til over Uskedalen. Kanon avslutning!!

Folk med lang erfaring med konsertar og andre arrangement, seier til uskedalen.no at dei er imponert over konsertleiinga som fekk apparatet operativt att så snart og dermed unngjekk avlysing. Men nok en gang erfarte Festidaleteamet at å arrangera noko her i bygda er ein lunefull sak.



[Stemningsfullt på Dønhaug utover kvelden.](#)

Ordtaket Når enden er god, er allting godt viste seg til fulle. Det var rundt 2000 fornøgde publikummarar som forlet Dønhaug like etter fyrverkeriet. Bussane stod klare til å frakte gjestene heim.

Også Festidalen-leiinga var fornøgd etter den hektiske kvelden.

- Det vart ein flott kveld, kanskje den største vi har hatt? sa Bjørn Olav Tveit då eg var på veg ut porten.
- Og kva syntest du om fyrverkeriet? la Festidalen-leiaren fornøgd til.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen/Thor Inge Døssland

Foto: Ola Matti Mathisen/Camilla Hjelbakke/Hilde Teigen Døssland